

Referat styremøte HSG 19.05.10.

Tid og stad: 19.mai 2010, kl 12.00-16.00, Nortura Eidsvåg.

Tilstades: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Birgitta Vedøy, Svein Misje.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og referat frå styremøtet 15.03.10

Innkalling og sakliste utsendt dagen før styremøte. Dette er for seint. Innkalling og sakliste skal sendast ca. ei veke før møtet. 1. vararep. til styret utegløymt i innkallinga.

Innkalling skal og sendast til leiar i avlsutval og gjetarhundnemd.

Referat skal sendast til alle vararep. til styret samt leiar for avlsutval og gjetarhundnemd.

Referat frå møte 15.03.10 vart godkjent.

2. Orienteringssaker.

Representantskapsmøte NSG 17.-18. mars.

Protokoll frå møtet vart delt ut. Kort gjennomgang og diskusjon på neste styremøte.

Steinar Steine var HSG sin representant og orienterte frå møtet.

Handlingsplan for å redusere tap av dyr på beite vart presentert på rep.skap.møtet.

Denne vert eiga sak på seinare styremøte for drøfting og innspill/tilbakemeldingar.

Nils Inge Hitland sender den kortversjonen som er klar så langt til styret.

3. Sekretærfunkjonen

Nils Inge Hitland har vore i kontakt med Nortura v/Ove Myklebust. Han lova rask tilbakemelding på forslag til løysing, der Nortura tek seg av sekretærfunksjonen i HSG.

Reidar Kallestad stilte spørsmål kvifor dette ikkje allereide var avklara, og har sa seg lei for

at han ikkje fekk følga opp dette etter siste styremøtet. Han hadde arbeida mykje med

Nortura for å få på plass ei løysing, og hadde sett det som naturleg at han slutførte dette

arbeidet. Dette er ei viktig sak for HSG, som skulle vore avklara. Nils Inge Hitland sa seg lei

for at dette ikkje vart følgt opp med ein gong etter siste styremøtet. Han følger opp for rask

tilbakemelding frå Nortura.

4. Beiteutval. Fylkesagronom husdyr, Svanhild Aksnes orienterer.

Svanhild Aksnes gjekk gjennom referat frå samarbeidsmøte mellom Fylkesmannen si landbruksavdeling, faglaga, landbruksrådgjevinga og Innovasjon Norge.

Beiteutvalet vert reorganisert. Faglaga vert invitert til å oppnemna deltakarar til utvalet:

HB 1 repr., HBS 1 repr. og HSG 2 repr. FMLA har seretariatfunksjonen.

Dersom HSG hadde ønske om det kunne vi stilla med observatør frå styret i tillegg til 2 oppnemnde repr.

Styret sender førespurnad til lokallaga om forslag på repr.

Første møte i beiteutvalet vert 11. juni.

5.Fjelldagar 2010

Utsett til neste møte.

6. Val av repr. til avlsutval og gjetarhundnemd.

Styret sender førespurnad til vereringane og lokallaga på aktuelle kandidatar.

Svein Misje klargjer kven som er på val.

Neste styremøte vert telefonmøte tirsdag 1. juni kl 20.00-22.00.

Eidsvåg 19.mai 2010.

Nils Inge Hitland